

• Vedlegg 1- KRAVSPESIFIKASJON – REINHOLDSTENESTER

Innhold

1. Omfanget av oppdraget	2
1.1. Generelt om kvalitet på reinholdet	2
1.2. Krav til reinholdsmetodar	2
2. Regelmessig reinhold.....	2
3. Andre tenester som er omfatta	3
3.2. Regelmessige tilleggstenester som er omfatta av det regelmessige reinholdet	3
3.3. Spesifisering av regelmessige tilleggstenester	4
3.4. Tilleggstenester på oppmoding (Bestillingsreinhold)	5
4. Kvalitetsprofilar	7
5. Nullstilling ved oppstart	7
6. Tidspunkt for utføringa av arbeidet.....	8
7. Krav til leverandøren sitt personale	8
8. Krav til gjennomføring av oppdraget.....	8
8.1. Kontroll av kvalitet.....	9
8.1. Materiell og utstyr	9
8.2. Miljø.....	9
9. Ytterlegare krav til leverandør	10
10. Fasilitetar for leverandøren/reinholdarane	10

1. Omfanget av oppdraget

Oppdraget omfattar reinhald av Osterøy kommune sine lokale på Osterøy. Samla areal er ca. 25.950 m². I reinhaldstenesta arbeider det per dags dato **22** personar, frå 50 % - 100 % stilling.

Oppdraget består av følgande:

- Regelmessig reinhald
- Regelmessige tilleggstenester
- Bestillingsreinhald (skal bestillast skriftleg)

Elementa i regelmessig reinhald og regelmessige tilleggstenester inngår i den faste årlege prisen, jf. prisvedlegget i kontrakten. Bestillingsreinhald skal fakturerast særskilt etter bestilt og utført reinhald i samsvar med prisvedlegget i kontrakten.

1.1. Generelt om kvalitet på reinhaldet

For denne kontrakten vert Interkommunal reinhaldsnorm, vedlegg 4, lagt til grunn for fastsetting og bedømming av reingjeringskvaliteten. INSTA 800:2010 gjeld der den interkommunale reinhaldsnormen ikkje er dekkande. Dei fastsette kvalitetsnivåa oppgir korleis dei enkelte reinhaldsobjekta skal sjå ut etter utført reingjering. Reinhaldar si oppgåve er å vurdere tilsmussinga og oppnå standarden til avtalt kvalitetsnivå. Kor mykje som er nødvendig å gjere for å oppnå kvalitetsnivået, og kva slags metodar som bør nyttast, er reinhaldaren si oppgåve å vurdere. Reinhaldaren må gjere desse vurderingane i samsvar med oppgitt frekvens i denne kravspesifikasjonen.

1.2. Krav til reinhaldsmetodar

Det skal nyttast moderne og effektive metodar i reinhaldet, og reinhaldet skal utførast etter hygieniske prinsipp. Metodar eller middel som vert nytta, skal ikkje skade/matte ned overflater.

2. Regelmessig reinhald

Rom og frekvenslista oppgir kva for nokre rom/areal som er omfatta av det regelmessige reinhaldet, og med kva for ein frekvens reinhaldaren skal kontrollere rommet/arealet for å vurdere kva for tiltak som må settast i verk for å oppnå det aktuelle kvalitetsnivået. Den romspesifikke frekvenslista er vedlagt i vedlegg til kontrakten.

Arbeidet omfattar reinhald av:

- Golv, inventar, veggjar og himling i ei høgd opp til 3 m. Omfatta av dei 4 nemnde objektgruppene er dei gjenstandane som er tatt inn som eksempel i tabell 2 i INSTA 800:2010, med dei tilleggja/presiseringane som er tatt inn i tabellen nedanfor. (Under tabellen er det presisert kva som **ikkje** er omfatta av det regelmessige reinhaldet.)

Inventar	Veggjar	Golv	Himling
<ul style="list-style-type: none"> • Prosjektørar • Skjermar i undervisningsrom • PC i undervisningsrom • Telefon • Hyller – opne hyller skal reingjerast på tilgjengelege flater, som hyllekant der det er bøker/permar i hylla. 	<ul style="list-style-type: none"> • Kvalitetskrav veggflater gjeld opp til ei høgd på 3 m • Innsida av utvendige glasveggjar vert rekna som vegg opp til 3 m • Inngangsdør innvendig og utvendig 	<ul style="list-style-type: none"> • Maskin reingjering i det daglege reinhaldet • Bruk av highspeed i periodisk reinhald 	<ul style="list-style-type: none"> • Himling opp til 2.5 m

Presisering av kva som ikkje er omfatta av det regelmessige reinhaldet:

- Reinhold av funksjonsflater på elektronisk utstyr og kontormaskiner. Med funksjonsflater meiner vi f.eks. tastatur, front på PC skjerm, brytarpanel på maskiner.
- Reinhold av overflater over himling, inne i skap som kan lukkast, gjenstandar og dokument som vert oppbevarte på inventar- og golvoverflater, pyntegjenstandar og andre personlege gjenstandar og utstyr som tilhøyrer brukaren av lokalet.
- Reinhold av personlege gjenstandar

3. Andre tenester som er omfatta

3.2. Regelmessige tilleggstenester som er omfatta av det regelmessige reinhaldet

Desse tilleggstenestene skal vere omfatta av det regelmessige reinhaldet og vere inkludert i den faste prisen:

Aktivitet	Kvalitetskrav etter utført reinhald
Tømming av avfallsbeholdar av restavfall i klasserom, på felleskjøkken, kantine, på bebuarbad på Osterøytunet, kaffistasjonar og elles i fellesrom unnateke kontor.	<p>Vere tom, utan flekkar og stå på plass med innstikkpose.</p> <p>Reinhaldspersonalet tømmer restavfall etter same avtalte frekvens som for reinhald, og tar med avfallet til tilvist stad. Leverandør er pålagd å følge gjeldande krav til kjeldesortering.</p> <p>Uavhengig av avtalt frekvens elles, skal avfall tømmast før heilagdagor og offentlege fridagar, slik at avfall ikkje vert ståande.</p>
Etterfylling av toalettpapir	Toalettrull + minimum 1 reserverull skal vere på plass på kvart toalett.
Etterfylling av tørkepapir	Minimum 25 % igjen
Etterfylling av handsåpe	Minimum 25 % full. Dispenseren skal fungere
	Møblar skal stå på plass, lamellgardiner skal henge pent
Oppvask i kantina på rådhuset	Ein dag i veka skal det vaskes opp i kantina på rådhuset

3.3. Spesifisering av regelmessige tilleggstenester

- **Matteservice** - Oppdragsgivar har i dag matter i alle inngangsparti. Leverandør har ansvar for at det er mattar i alle inngangsparti og at desse reingjerast/skiftast ut etter behov.

- **Sanitærservice**

Det skal også utførast fullservice på sanitærfasilitetar i bygget. Dvs. etterfylling av artiklar nemnde nedanfor. Det vert føresett at sanitærservice skal inngå i det regelmessige reinhaldet.

- Toalettpapir
- Tørkepapir
- Dispensersåpe
- Sanitetsbindavfall
- Såpe

Oppdragsgivar har ansvar for å kjøpe inn og koste desse reinhaldsartiklane basert på rekvirering frå leverandøren. Kommunen sine rammeavtalar skal nyttast. For at leverandøren skal få tilgang til riktig mengd av reinhaldsartiklar som er fylte på, må reinhaldar gi skriftleg melding/bestilling innan éi (1) arbeidsveke.

- Tørkerullpapir
- Toalettrullpapir
- Handsåpe på toaletta

Leverandøren kostar søppelsekkar; store svarte til større mengder, og mindre til kjøkkenområde, arbeidsplassar, toalett m.m.

Leverandøren sine reinhaldspersonale må hente artiklane ut frå lager og etterfylle på aktuelle stader i lokala.

3.4. Tilleggstenester på oppmoding (Bestillingsreinhald)

Desse tenestene skal kunne leverast på oppmoding frå Oppdragsgivar. Tenestene er ikkje omfatta av dei faste kostnadene, men vert prisa separat i prisvedlegget og fakturerte etter særskilt bestilling.

Aktivitet	Kvalitetsmål
Vindaugspuss (fasadevindaug utvendig)	Krav til smussførekomstar per kvm glasflate: Tilsvarende nivå 5 for minste inspeksjonseining i samsvar den interkommunale reinhaldsnormen. Smuss vert talt både på glasflate og tilhøyrande karmar og rammer
Hovudreingjering	Kvalitetsprofilen til romtypen skal vere oppfylt Støvnivå 5 i samsvar med den interkommunale reinhaldsnormen. Glansnivå og friksjonsnivå tilsvarende krava for tilgrensande korridor
Hovudreingjering av kontor etter utflytting	Kvalitetsprofilen til romtypen skal vere oppfylt Støvnivå 5 i samsvar med den interkommunale reinhaldsnormen. Glansnivå og friksjonsnivå tilsvarende krava for tilgrensande korridor
Rens av tekstil møblar	Fjerning av flekkar og søl
Støvsuging av tekstile møblar	Vere utan skjemmande flekkar
Skuring og polishbehandling av harde golv	Vere utan skjemmande flekkar og skjolder. Ha jamn glans.

Hovudreingjering omfattar:

- Alle element som inngår i ordinært reinhald i samsvar med den interkommunale reinhaldsnormen.

- Reingjere dører (alle sider), karmar, vindaugskarmar, gelender og lister
- Reingjere konvektorkassar og -rister/radiator

- Reingjere alt inventar utvendig og innvendig. Innvendig dersom hylla/pulten/skapet er tom.
- Fjerne flekkar/reingjere fasttelefonar, fjernsynsapparat, videoar, radioar og liknande
- Reingjering av veggjar over 3 meter, og himling

4. Kvalitetsprofilar

Kvalitetsprofil	Romtype
GRUPPE A	Kontor/møterom/korridor/gang/grov garderobe/gymsal/scene/bibliotek/grupperom
GRUPPE B	Klasserom/avdelingsrom/fingarderobe/bebuar rom/stue på sykeheim
GRUPPE C	Trapper/heis
GRUPPE D	Kjøkken/personalrom/toalett/bad/stellerom/garderobe/dusj/legekontor/helsestasjon/baseng
GRUPPE E	Lager/apparatrom/arkiv/bøttekott/sløydsal/forming/tilfluktsrom

5. Nullstilling ved oppstart

Dersom krav til kvalitet for det periodiske reinhaldet i denne kravspesifikasjonen skil seg frå kvaliteten på tidspunktet for når leverandør vart gitt høve til å inspisere lokala i framkant av tilbudsfristen, skal ei opparbeiding til den kvaliteten som er kravd etter denne kravspesifikasjonen, prisast som eit eingongsbeløp i prisvedlegget i kontrakten. Dersom kvaliteten ved oppstart av kontrakten har vorte dårlegare etter tidspunktet for når leverandør vart gitt høve til å inspisere lokala, skal tilbydd eingongssum for nullstilling justerast opp skjønsmessig vurdert mot den dårlegare kvaliteten. Den skjønsmessige vurderinga skal legge til grunn den timeprisen leverandøren har tilbydd for ikkje spesifisert periodisk reinhald på oppmoding.

6. Tidspunkt for utføringa av arbeidet

Reinhold skal gjennomførast i tidsrommet kl. 6.00-16.00

7. Krav til leverandøren sitt personale

1. Arbeidet skal utførast av reinholdarar som har kompetanse nødvendig for å oppnå avtalte krav og vilkår. Nødvendig kompetanse er minimum grunnkurs reinhold, grunnkurs NS-INSTA 800 eller tilsvarande kurs eller erfaring, norsk språkkunnskap til eit visst nivå slik at reinholdsarbeidarar klarer å ta imot og gi melding på ein tilfredsstillande måte for Oppdragsgivar.
2. Stadleg arbeidsleiar skal minimum ha fagbrev som reinholdsoperatør eller dokumentert tilsvarande kompetanse.
3. Avdelingsleiar må vere NS-INSTA 800 sertifisert på nivå 3 eller høgare.
4. Reinholdarar skal ha normal god hygiene og bruke reint arbeidstøy tydeleg merkt med merket/namnet til reinholdsfirmaet.
5. Reinholdspersonalet skal vere serviceinnstilt overfor dei som bruker lokala, innanfor ramma av avtalt ansvars- og arbeidsfordeling.
6. Reinholdspersonalet skal ha kompetanse om rutinar for smittereinhold. For nødvendig kompetanse på smittereinhold vert det kravd dokumentert opplæring og kunnskap slik at reinholdsarbeidarar veit korleis ein skal handtere sprøyter, blod, oppkast og bruk av riktig verneutstyr.

8. Krav til gjennomføring av oppdraget

8.1. Kontroll av kvalitet

Kontroll av reingjeringskvaliteten vert gjort etter NS-INSTA 800:2010.

8.1. Materiell og utstyr

Leverandør er ansvarleg for eige utstyr og materiell som er nødvendig for å utføre reinhaldet i samsvar med denne avtalen. Det skal nyttast fleirgongsutstyr i størst mogleg utstrekning. Til dømes at ein nyttar vaskbare mikrofiberklutar framføre papir.

Leverandøren er ansvarleg for at servicemedarbeidarane deira har dei nødvendige godkjenningane for utføringa av arbeidet.

8.2. Miljø

Oppdragsgivar legg vekt på miljøomsyn i anskaffingane sine. Tilbydar skal tilby reinhaldstenester som minimum og til kvar tid oppfyller miljøkrav som følger av gjeldande lover, forskrifter og EU-direktiv. Det skal nyttast moderne og miljøvennlege reingjeringsmetodar og reingjeringsprodukt.

1. Stoff som utgjer ein alvorleg miljø- og helsefare, eller som står på Miljødirektoratet si prioritetsliste over kjemiske stoff med uheldige eigenskapar, er uønskte.
2. Desse kjemikala skal ikkje nyttast:
 - Alkylfenol og alkylfenoletoksilat
 - Triklosan
 - Kvartære ammoniumsambindingar av typen DHTMAC
 - Muskxylen
 - PFOS-liknande stoff og siloksan (D5)
 - Lineære alkylbensulfonat (LAS)
3. Desse kjemikala er vurderte som uønskte og skal nyttast i minst mogleg grad:
 - Diklorbenzen
 - Limonen
 - EDTA og salt av EDTA
 - Klorerte løysemiddel (løysemiddel som inneheld klor)
 - Kjemiske stoff som i samsvar med forskrift om klassifisering, merking mv. av farlege kjemikalier (FOR-2002-07-16-1139), er klassifiserte som allergiframkallande.

- Kjemiske stoff som i samsvar med forskrift om klassifisering, merking mv. av farlige kjemikalier (FOR-2002-07-16-1139), er klassifiserte som miljøskadelege.
- Sambindingar med aktivt klor 2 over 0,1 vektprosent

9. Ytterlegare krav til leverandør

Alle renholdarar, arbeidsledar og andre som skal utføre ei teneste ved våre bygg må signere ei teieplikt erklæring, samt kunne legge fram politiattest på forespørsel.

10.Fasilitetar for leverandøren/reinhaldarane

Desse fasilitetane vil vere tilgjengelege for leverandøren/ reinhaldarane

- Moglegheit for å lagre utstyr
- Bøttekott med tilgang til vatn
- Tilgang til søppelrom
- Kan benytte felles pauserom
- Vaskemaskinar